

Lærdom av tysk offensiv.

Den tyske offensiven i vest er veikna av, og vi kan draga lærdomane av den. Den tok ikkje berre sikte på det militære område i Ardenne og ved Strassburg, den var og retta mot den antinazistiske fronten på det politiske område. Ein kan trygt seie at hovudformålet med offensiven låg her. På det politiske område meinte tyskerne å slå inn ein kile mellom dei allierte for å nytta ut motsetningane mellom dei. Den tyske offensiven hadde lukka med seg til å begynne med, både militært og politisk. Dei antiallierte åtak som kom fram i britisk og amerikansk presse viste dette. Saman med ein positiv kritikk for å vinna over mot setningane, blanda deg seg ein protysk agitasjon som tok sikte på å låma motstandsevna. Det vart forvirring og stemninga hos folket vart nedstemt. Alvoret i situasjonen kom klart fram i Rooseveltts tale ved nyårsskiftet, der han sa at den kile tyskerne hadde dreve inn ved Ardenne, var ingen ting mot den kile dei hadde oppnått på det politiske område.

Agentane for fienden viser seg alltid i slike situasjonar. Då har dei høve til å så mistillit. Det fører alltid til at hovudfienden vert gløymd både militært og politisk og tyskvenlege og defaitistar får høve til å koma til ordet.

Den tyske offensiven på vestfronten var ikkje isolert. Samstundes vart det sett inn ein hard offensiv mot motstandsfrontane i dei okkuperte landa. Det var ikkje tilfeldig at vi her i landet fekk ein av dei hardaste åtak vi har hatt mot heimefronten, straks føre jul. Veldige rassiaer og arrestasjonar som vart leda frå Berlin, hadde som mål å knuse eller i det minste splitte og låma motstandsfronten her heime. Dei nazistiske avisene skeiv tydeleg at dei venta seg mykje av denne offensiven.

Vi må læra oss å sjå samanhengen i fienden sine operasjonar. Ikkje alle som er med i kampen er seg medvetne dette at ein er soldat i ein verdsomfattande kamp mot undertrykking av all fridom, og at kvar hev sitt frontavsnitt i denne kampen. Men fienden ser det, og veit at den lokale motstanden er nøgje bunde saman med motstanden på alle frontar. Hans operasjonar, militært og politisk, bygger på dette. Skal vi makta å halda oss i denne kampen, og slå fienden, må vi og sjå denne samanhengen. Den som ikkje gjer det, vert lite dugande i striden, og vil lett missa tilliten til seg sjøl og sin eigen kamp. Slike vil lett bryta saman under presset frå fienden.

Den tyske offensiven mot den norske heimefronten hadde desverre lukka med seg på mange måtar. Ikkje berre det at han braut inn i fronten vår og arrestera mange hundra av dei beste, og at det innan dei militære formasjonane vart gjort innbrot som førte til at mange våpenlager m.m. fall i fienden sine hender. Men fiendens innbrot førte og til sterke oppløysingstendensar innan deler av heimefronten, oppløysing som tildels hadde karakteren av faneflukt frå fronten. Den redsel som arrestasjonane førte med seg er lett forklarleg, men i krig kan ein aldri tillate at redselen fører til oppgjeving og faneflukt. Her står pliktene og anvaret for å føra kampen vidare fram til siger over alt. Den som i slike høve spreider rykter eller medvirkar til oppløysinga av frontavsnittet breider seg, går i røynda fienden sine erend. Den som gje ordre om at oppløysinga skal fremjast, har misst retten til å gje ordre i heimefrontens kamp. Han er ein fårleg mann i rekkene. Heimefronten kan i strategi og taktik aldri retta seg etter angspolitikaren eller defaitisten. Då ville vi få tragedien frå kampane etter 9 april 1940 oppatt. Derfor er det viktig at kommandoen vert førd av folk som ~~kjenner~~ set krigens plikter framfor familjeomsyn og heimleg velvære. Vi fører ikkje kampen ut frå omsynet at vi skal sleppa koma i fengsel eller gå i illegalitet eller dekning. Vi fører kampen fordi vi skal sigra over fienden og vinna fridomen. Alt må byggja seg for dette faktum.

Fienden veit at det er politiske motsetningar på heimefronten, på same måte som han veit at det er motsetningar mellom dei store allierte. Dei lærdomar vi kan draga av dei siste hendingane på heimefronten er derfor:

Vi må overvinne tendensen innafor heimefronten til at redselen for fiendens terror bestemmer retningslinene for kampen mot fienden.

Vi må vinne over dei politiske motsetningane som ennå eksisterar, slik at kampen skjer på eit politisk grunnlag, klart utforma, som heile folket er samd i.

#### Vår politiske framtid.

I London radio vart det den 22/1-45 lese eit sitat frå den frie avisa "Kronikken" som skreiv om atterreisninga etter krigen. "Kronikken" hevda at det var naudsynt nå når krigen leid mot slutten å ta opp ein del av etterkrigsproblema til dryfting i den illegale presse. Eit av dei spørsmåla som nok ville reisa strid, meinte dette bladet, var om det gamle Stortinget skulle kallast inn eller ei. "Kronikken" ville her ikkje ta standpunkt førebils.

Vi er enige i at det er på tid at slike fundamentale spørsmål vert klårlagt nå både frå konge, regjering og frå heimefrontleiinga, og når "Kronikken" meiner at spørsmålet om innkalling av Stortinget vil reisa strid og at den ikkje vil ta standpunkt, er det på høg tid. Dette viser at vi så lenge har vore under tysk og nazistisk påverka at folk som skal vera med å vinna att vårt demokratiske styre har gløymt barneleardomen om det grunnlovsmessige demokratiet i Norge.

Det kan ikkje verta noko siljande spørsmål om Stortinget skal innkallast eller ei. Dersom det ikkje vert innkalla, betyr det det same som at vi ikkje har noko lovleg regjering. Korkje konge eller regjering har då noko grunnlovsmessig grunnlag for styret sitt. Konge og regjering har ført kampen utalands i fem år på grunnlag av vedtaket i Stortinget på Elverum våren 1940. Så snart landet er fritt, kan ikkje konge og regjering styra ein dag utan at Stortinget vert innkalla. Regjering utan Storting er statskup etter grunnlova. Dei som i denne tida undergrev tilliten til Stortinget, undergrev dermed og grunnlova og det politiske demokratiet vi hadde. Det er derfor på høg tid at dette spørsmålet vert klårlagt.

Det vitnar ikkje godt, at denne artikkelen i "Kronikken" vert opplesen i London radio, utan kommentar, og utan at regjeringa vår der tek standpunkt til det mest fundamentale spørsmål i vårt forfatningsmessige demokrati. Dersom tilsidesettinga av Stortinget ville bety eit framsteg og utviding av det politiske demokratiet kunne det lata seg løyra, men når det skjer for å fremja eit reaksjonært styre som skal binda folkemeininga og hindra nye val, er det på tid å ropa eit varsku!

#### Korleis reagerar du

når ein av familien eller ein kjenning vert arrestera? Alle kjenner sorg og sakna, men ikkje alle ser likt på dåtelles. Dei fleste kjenner hatet mot fienden, gled seg over dei som slapp unna, og hjelper til på beste måte. Dei byr seg til å ta opp arbeidet etter den som vart burte. Dei viser at dei verkeleg held av den som kom ~~xxx~~ i fengsel ved å føra arbeidet hans vidare.

Men desverre, det fins altfor mange som gjer alt dei kan for å skjemma det arbeidet mannen, broren, sonen, slektningen eller kjenningan var med i. Vi kjenner alle den kvinna som hadde mannen eller kjærasten sin i krigen og som drog seg med tysken. Vi kjenner alle vemmelse for denne typen. Men er dei stort likare dei som går rundt og skjeller for di mannen, broren, kjærasten eller slektningen er komen i fengsel, skjeller - ikkje på Gestapo eller N.S. - nei det er bra folk, men på dei som arbeider vidare mot fienden, som har "lokka folk" med i slikt stygt arbeid som å kjempa mot tyskerne. Er slike klar over at dei sviner til ~~de~~ arbeidet til den dei hyklar at dei held av? Er dei klar over at dei med slikt prat gjer stoda vanskelegare for den som set binne? Vi får vona at dei ikkje er det, men dumhetær ein farleg eigenskap i krig.

Vær varsam, og tenk alltid før du snakkar!